

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 08.12.2022
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Asle Kjørlaus**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per november 2022**

Arkivsak

2022/89

Styresak 076/2022

Styremøte 16.12.2022

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per november 2022 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Rapportering for november inkluderer midlar frå nysaldering av statsbudsjettet for år 2022, noko som bidreg til eit svært positivt resultat for perioden og stor betring i resultatet hittil i år. Underliggande drift i perioden syner derimot at føretaket har for høg styringsfart. Aktiviteten denne månaden er om lag på budsjett samla for føretaket, noko som gjev positiv utvikling etter ein svak oktober måned. Administrerende direktør erkjenner at hovudutfordringa til føretaket er at løns- og personalkostnadene i føretaket framleis er høgare enn budsjett.

Resultatet for november er positivt med 45,5 millionar kroner. Dette som resultat av auke i basisramme med 47,5 millionar kroner. Justert for ekstraløyvinga er resultatet for perioden -2,0 millionar kroner, som er eit avvik mot budsjett på -4,5 millionar kroner. Resultatet for november er eit bra steg i rett retning økonomisk sett, og ligg på nivået som administrerende direktør tidlegare har kommunisert vil vere eit realistisk resultat måned for måned ut året.


Administrerende direktør har tidlegare i haust rapportert ein prognose for Helse Førde med eit negativt avvik på mellom 60 til 70 millionar kroner. Den mottatte auken i basisramme resulterer i ein oppdatert prognose på 22,5 millionar kroner i avvik mot budsjett. Det vil vidare gje eit samla årsresultat på 7,5 millionar kroner.

Resultatet frå underliggande drift for november syner etter administrerende direktørs vurdering at det vert jobba med å halde forbruk og innkjøp til budsjetterte nivå, men at føretaket har store utfordringar med å tilpasse kostnadene knytt til løn- og personal til dei overordna rammene og budsjetta. Det er særskilt kostnader knytt til overtid, innleige og ekstrahjelp/vikarar som medfører desse avvika, og målretta tiltak knytt til dei samla lønn- og personalutgiftene vil slik administrerende direktør vere heilt naudsynt for å oppnå balanse i drifta. Å få gjennomført tiltak som varig tek ned personalkostnadene i føretaket, vil vere avgjerande for å sikre midlar til investeringar og berekraftig drift, gitt dei økonomiske rammene til føretaket.

Sjukefråværet for oktober syner svak auke samanlikna med tidlegare månader denne hausten. Samla er sjukefråværet på 6,8 prosent, der det er korttidsfråværet som aukar. Ein auke i fråvær er venta utfrå tida på året vi er i.

Administrerende direktør er glad for midlane på 47,5 mill. som Helse Førde vart tildelt i nysalderinga. Desse midlane gav betra likviditet og betra resultat for inneverande år, men gav inga løysing på det underliggande meirforbruket som følgjer føretaket inn i 2023. Budsjetttramma for neste år er framleis like krevjande å nå som tidlegare. Administrerende direktør har difor sett i gang eit arbeid med å kartlegge alle tiltak som vil bidra til betra økonomisk balanse. Store omstillingstiltak og endringar vil etter administrerende direktør si meining måtte gjennomførast i 2023 og dei komande åra. Dette er heilt nødvendig for å sikre investeringsevne til å halde ved like driftsmidlar og gjennomføre planlagde investeringar. Likviditeten i føretaket er pressa, og dette biletet vil forverre seg gjennom 2023.

Aktiviteten i somatikken, utanom H-resept, var i november tre prosent prosent lågare enn budsjett. Hittil i år er avviket på 1063 DRG-poeng i somatikken, og det er 405 DRG-poeng bak fjoråret. Aktiviteten innan psykisk helsevern (PHV) har i perioden også vore lågare enn budsjett, men høgare enn fjoråret.



Innan somatikk er indikatorane for tilgjengelegheit i hovudsak uendra frå førre månad. Administrerende direktør erkjenner at den utfordrande situasjonen med mange fristbrot og lang gjennomsnittlig ventetid varer ved. Ventetid for pasientar som har starta behandling er 78 dagar (førre månad 80), medan det for ventande pasientar er 75 dagar (førre månad 73). Det var 373 nye fristbrot (førre månad 372), medan 278 pasientar med fristbrot fekk starta behandling. Det var flest fristbrot innan ortopedi, men og mange innan nevrologi og urologi. I denne utfordrande situasjonen er administrerende direktør opptatt av å sikre at pasientar som får forverring av tilstand medan dei ventar, får rask tilgang på helsehjelp. På gruppenivå opprettheld vi slik tilgjengelegheit; 13 prosent av pasientane som starta behandling fekk tilbod innan 10 dagar, medan 35 prosent fekk tilbod innan 30 dagar. Det er også redusert pågang på øyeblikkeleg hjelp, noko som er ein indikasjon på at pasientane som ventar lenge, på gruppenivå, ikkje har auka behov for akutte tenester.

Innan psykisk helsevern og rus er administrerende direktør nøgd med at indikatorane, som tidlegare, syner at det er god tilgang på helsehjelp. Indikatorane innan PBU er diverre noko forverra sidan førre månad, men den gode trenden siste halvåret er framleis vedvarande.


Andre indikatorar som i høve årshjul skal rapporterast på i november, vil bli tatt opp i styremøtet.

FAG

Ventetid for ventande ved perodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:


- Somatikk: 75 dagar ved utgangen av november (73 i oktober). 61 i november i fjor. Altså +14 frå i fjor.
- PHV: 21 dagar ved utgangen av november (21 i oktober). 24 i november i fjor. Altså -3 frå i fjor.
- PBU: 27 dagar ved utgangen av november (25 i oktober). 29 i november i fjor. Altså -2 frå i fjor.
- TSB (rus): 9 dagar ved utgangen av november (14 i oktober). 11 i november i fjor. Altså -2 frå i fjor.



Ventetid - helsehjelp starta i perioden

Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i november, var:


- Somatikk: 76 hittil i år (78 dagar i november) – måltal er 50. 68 hittil i fjor. Altså +8 frå i fjor.
- PHV: 34 hittil i år (26 dagar i november) – måltal er 40. 31 hittil i fjor. Altså +3 frå i fjor.
- PBU: 50 hittil i år (46 dagar i november) – måltal er 35. 47 hittil i fjor. Altså +3 frå i fjor.
- TSB (rus): 24 hittil i år (20 dagar i november) – måltal er 30. 26 hittil i fjor. Altså -2 frå i fjor.



Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 278 fristbrot på behandla pasientar i november svarande til 13,2 prosent av behandla i november (15,5 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 9,0 prosent.
- Førebels registrert 373 nye fristbot i november, svarande til 12,7 prosent av alle med frist i november (14,2 prosent i oktober).

● HELSE FØRDE HF



Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)


- Førebels 80 prosent for første time (73 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 85 prosent.
- Førebels fikk 63 prosent oppfølgingstime innen 24 timer (61 prosent i oktober). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 64 prosent.

Foreløpige tall

	2020	2021	2022 hittil	nov.22
HELSE BERGEN HF	80 %	81 %	76 %	83 %
HELSE FONNA HF	75 %	74 %	73 %	81 %
HELSE STAVANGER HF	78 %	82 %	81 %	87 %
HELSE FØRDE HF	69 %	69 %	63 %	80 %
KIRURGISK KLINIKK	64 %	64 %	58 %	73 %
MEDISINSK KLINIKK	74 %	73 %	64 %	89 %
PSYKISK HELSEVERN	86 %	84 %	81 %	74 %

Andel ikkje møtt

Høgare enn normalt med 2,9 prosent (3,2 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,8 prosent.



Epikrisetider (oktobertal)

Innan ein dag:

- Somatikk 70 prosent denne månad og hittil i år 74 prosent (76 prosent i heile 2021).
- Psykisk helsevern 28 prosent denne månad og hittil i år 39 prosent (43 prosent i heile 2021).


- TSB/Rus 46 prosent denne månad og hittil i år 48 prosent (34 prosent i heile 2021).

Innan sju dagar:

- Somatikk 90 prosent denne månad og hittil i år 91 prosent (93 prosent i heile 2021).
- Psykisk helsevern 84 prosent denne månad og hittil i år 86 prosent (91 prosent i heile 2021).
- TSB/Rus 77 prosent denne månad og hittil i år 91 prosent (93 prosent i heile 2021).

Utskrivingsklare pasientar

32 døgn i november, svarande til 0,7 prosent av alle liggedøgn. Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,8 prosent.



Stryking av planlagde operasjonar

Ikkje klart enno på grunn av innføring av DIPS Arena.

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 758	1 836	-78	1 872	-114	18 365	19 502	-1 137	18 995	-630
DRG-poeng poliklinikk, A	482	479	2	447	34	4 816	4 867	-51	4 847	-30
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	98	105	-7	107	-9	1 835	1 808	26	1 629	206
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	53	49	4	40	13	734	636	98	684	50
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 390	2 469	-79	2 467	-77	25 750	26 813	-1 063	26 155	-405
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	109	163	-54	46	63	1 254	1 666	-412	1 248	6
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 447	2 584	-137	2 473	-26	26 270	27 843	-1 573	26 719	-449
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 301	1 401	-100	1 551	-250	13 413	14 306	-893	14 411	-998
Tal sjukehusopphald	1 488	1 576	-88	1 531	-43	15 883	17 045	-1 162	16 870	-987
Tal polikliniske konsultasjonar	11 208	10 917	291	11 174	34	110 569	111 534	-965	112 819	-2 250


Perioden

Samla DRG-produksjon i somatikken var 3,1 prosent lågare enn budsjett (-79 poeng) i perioden, noko som er 2,9 prosent lågare enn tilsvarende periode i fjor (-77 poeng). Aktiviteten i perioden er 0,7 prosent høgare enn budsjett målt i totale tal behandlingar. Dette er 1,8 prosent lågare aktivitet enn tilsvarende periode i fjor. Det er registrert kodeforbetring med 54 poeng i perioden.

Til no i år

DRG-produksjonen hittil i år er 4,4 prosent under budsjett (-1063 poeng), og 2,5 prosent lågare enn akkumulerte tal per november i fjor (-405 poeng). Samla er aktiviteten 2,1 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 2,9 prosent under fjoråret.

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
DRG poeng	444	408	36	368	76	4 231	3 934	297	3 292	939
Tal heildøgnsopphald	1 617	1 533	84	1 586	31	16 635	17 410	-775	16 479	156
Tal utskrivne pasientar	79	89	-10	86	-7	864	957	-93	842	22
Polikliniske kons. m/refusjon	2 502	2 671	-169	2 234	268	22 724	25 740	-3 016	20 629	2 095
Rus										
DRG poeng	42	38	4	38	4	410	416	-6	379	31
Tal heildøgnsopphald	676	618	58	475	201	5 841	6 775	-934	5 537	304
Tal utskrivne pasientar	19	17	2	15	4	198	217	-19	161	37
Polikliniske kons. m/refusjon	259	262	-3	228	31	2 310	2 888	-578	2 279	31
Psykisk helsevern barn og unge										
DRG poeng	563	634	-71	605	-42	4 829	5 928	-1 099	5 644	-815
Tal heildøgnsopphald UPH	161	144	17	144	17	1 179	1 158	21	1 184	-5
Tal utskrivne pasientar UPH	11	7	4	11	0	116	75	41	78	38
Polikliniske kons. m/refusjon	1 989	1 859	130	1 734	255	17 278	17 371	-93	16 858	420


Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore god i perioden og høve fjoråret har vi auke i aktiviteten. Innan TSB er det ein auke i tal døgnopphald i høve plan og det er god aktivitet innan poliklinikk.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har totalt sett vore god både for poliklinikkar og UPH, men vi har vanskar med å oppnå planlagd aktivitet ved ein av poliklinikkane. Det er framleis stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar.

Beleggsprosent



ØKONOMI

Artskonto		Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil
☒ Pasientrelatert inntekt	HV031.1	81 375	83 147	-1 771	834 280	871 800	-37 520
☒ Basistilskudd	HV031.2	249 564	199 148	50 416	2 123 263	2 052 700	70 563
☒ Andre inntekter	HV031.3	4 648	6 116	-1 468	59 547	62 351	-2 803
☐ Sum Driftsinntekter	HV031	335 588	288 410	47 177	3 017 090	2 986 851	30 240
☒ Varekostnader og Helsetjenester	HV032.1	-45 731	-49 898	4 168	-421 629	-445 169	23 540
☒ Lønn- og personalkostnader	HV032.2	-198 449	-188 409	-10 041	-2 065 715	-2 002 286	-63 428
☒ Øvrige kostnader	HV032.3	-37 531	-39 240	1 709	-427 952	-420 750	-7 202
☒ Av- og Nedskrivning	HV032.4	-8 090	-7 923	-167	-88 281	-87 087	-1 195
☐ Sum Driftskostnad	HV032	-289 801	-285 469	-4 332	-3 003 577	-2 955 292	-48 285
☐ Driftsresultat	HV033	45 787	2 941	42 845	13 513	31 559	-18 046
☒ Sum Finans	HV034	-325	-441	117	-3 553	-4 059	506
☐ Totalresultat	HV03	45 462	2 500	42 962	9 961	27 500	-17 539

Perioden

Resultatet i november er positivt med 45,5 millionar kroner, noko som er 43 millionar kroner betre enn budsjett. Dette som følgje av nysaldering av statsbudsjettet for år 2022, der Helse Førde fekk tilført ein auke i basisramme på 47,5 millionar kroner. Dette gjev betra likviditet for Helse Førde, men det er ein eingongseffekt som ikkje løyser dei underliggande utfordringane med å tilpasse drifta til dei overordna rammene.

Aktiviteten i november er noko lågare enn budsjettet, men avviket er vesentleg mindre enn ved føregåande månad, noko som er positivt. Avviket på pasientrelaterte inntekter er om lag likt fordelt mellom ISF-inntekter og poliklinikk og eigenandelar. Negativt avvik knytt til andre inntekter denne månaden er som følgje av lågare sals-, leige- og andre inntekter.

Det er eit mindreforbruk på varekostnader denne månaden, dette er spesielt knytt til lågare gjestepasientkostnader enn budsjettet. Helse Førde har ei abonnementsordning for gjestepasientar med andre føretak i Helse Vest, noko som er tatt høgde for ved tildeling av rammer frå Helse Vest. For Helse Førde gjeld dette i all hovudsak overfor Helse Bergen. Når akkumulerte gjestepasientkostnader går utover avtalt beløp må Helse Førde betale, og det er budsjettet for dette i november og desember. Ved utgangen av november har Helse Førde eit positivt avvik på om lag fire millionar kroner. I tillegg er det lågare gjestepasientkostnader også mot andre helseføretak, noko som er naturleg ved lågare aktivitet.

Det er meirforbruk på varekostnader elles, med størst avvik knytt til medikamentkostnader, matkostnader og andre varekostnader. Det er meldt om høg prisstigning på mange varer og tenester frå organisasjonen i samband med budsjettarbeidet. Til dømes innan mat har det vore ein kostnadsauke på 13 prosent siste året.

Øvrige kostnader har eit positivt avvik denne månaden, der andre driftskostnader er lågare enn budsjettet. Det er samstundes meirforbruk knytt til kostnader på utstyr og på lokale. Pasienttransport har eit mindre negativt avvik denne månaden som følgje av lågare inntekter enn budsjettet.

Løns- og personalkostnader er i perioden 10,0 millionar over budsjett, i hovudsak knytt til vikarbruk, innleige, overtid og reisekostnader høgare enn budsjettet. Avviket for november er nest største månadlege negative avviket knytt til løns- og personalkostnader samla dersom ein korrigerer for covid-relaterte personalkostnader. Det er berre juli som har gjeve eit større avvik hittil i år. Dette er ei urovekkande utvikling for Helse Førde.

Sjukefråværet i oktober var samla på 6,8 prosent. Estimerte kostnader til pandemien for oktober er 0,5 millionar kroner i perioden.

Akkumulert

Resultatet hittil i år er som følge av auken i basisramme, no positivt med 10 millionar kroner, men vi er framleis bak budsjett med eit samla avvik på 17,5 millionar kroner. Pasientrelaterte inntekter er akkumulert 37,5 millionar kroner bak budsjett, og andre inntekter er samla noko bak budsjett hittil i år. Auke i basisramme bokført denne månaden, samt kompensasjon for tapte ISF-inntekter i samband med covid-19-pandemien, gjer at sum driftsinntekter er 30,3 millionar høgare enn budsjett.

Hittil i år er det eit meirforbruk på H-resept (-3,0 mill kr) og medisinsk heimebehandling (-7,3 mill kr), medan det er mindreforbruk knytt til gjestepasientar (22,2 mill kr) og pasienttransport (8,9 mill kr).

Vareforbruk og øvrige kostnader elles i Helse Førde er høgare enn budsjettet hittil i år. Som tidlegare gjeld det særleg kjøp av utstyr, kostnader til lokale og drift av køyretøy/drivstoff.

Det er eit samla meirforbruk knytt til løns- og personalkostnader på 63,4 millionar kroner så langt i år, etter at covid-relaterte lønnsutgifter er kompenserte gjennom øymerka midlar. Det er særskild store avvik knytt til løns- og personalkostnader i somatikken, men også innan psykisk helsevern. Dei store kostnadsdrivarane på området hittil i år er vikarbruk (samla negativt avvik på 36,7 mill. kr), UTA (15,2 mill. kr), andre faste tillegg (13,0 mill. kr), overtid (36,7 mill. kr), innleige av personell (27,5 mill. kr), kompetanse og personalutviklingskostnader (3,5 mill. kr) og reisekostnader (3,9 mill. kr).


Likviditet

Ved utgangen av november 2022 hadde Helse Førde eit trekk på kassekreditten med -53,7 millionar kroner. Likviditetseffekten av auke i basisramme på 47,5 millionar kroner er ikkje inkludert i desse tala, dette vil gje positiv effekt i desember månad. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 473,5 millionar kroner som skal dekke pensjonsforpliktingar. Det er gjort nytt opptrekk av byggelån knytt til Nye Førde sjukehus også i november, samla er det utbetalt 153,75 millionar kroner hittil i år.

Gitt utfordringsbiletet og det høge investeringsnivået for det komande året, syner prognoser at utviklinga i likviditeten vil vere krevjande for Helse Førde. Dette vil krevje tett oppfølging og styring.

MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla sjukefråvær i oktober var 6,8 prosent. Dette er noko høgare enn i september månad, men lågare enn i tilsvarende periode i 2021. Det er korttidssjukefråværet som har auka frå førre månad, langtidssjukefråværet har halde seg stabilt sidan august.